



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

2/2017

NOVEMBER • ÅRGANG 24



Stor dugnadsinnsats i strandsona

Les meir på side 2.

Sjefsbyte i SIM

Les meir på side 4 og 5.

Ha ei god og grøn jul

Me gir deg nokre gode tips for ei litt
meir miljø- og klimavenleg høgtid.

Les meir på side 7.

Over 100 ryddeaksjonar i strandsona

Hittil i år har det blitt innmeldt over 100 strandryddeaksjonar rundt om i SIM-kommunane. –Det er framleis tid til å rydda meir før året er omme. Me har midlar att til lag og organisasjonar som vil gjera ein innsats, seier prosjektleiar i SIM, Øyvind Dale.

SIM har i år opplevd pågang frå folk som vil rydda i strandsona.

Bømlingane best

– Halvvegs uti oktober har me registrert 121 initiativ frå privatpersonar, lag og organisasjonar. Det har blitt rydda langs strender og svaberg i alle SIM-kommunane, men bømlingane er i særklasse. Der har dei verkeleg trødd til, skryt Øyvind Dale, SIM sin prosjektleiar for strandrydding.

Han har ikkje tal på kor store mengder avfall som er samla inn i årets aksjonar, men det er ikkje reint lite. Ein dugnad i Fitjar i oktober gir eit godt bilete av situasjonen.

– I løpet av berre fire timar plukka dei 20-30 deltakarane heile 200 sekker med herrelaust, marint søppel frå Hellandsfjorden og øyane rundt. Det svarar til om lag 30 kubikkmeter avfall, eller tre fulle konteinrar, fortel Dale,

som er imponert over engasjementet han møter rundt om.

Har midlar til endå meir rydding

Han meiner sunnhordlendingane likevel ikkje bør kvila på laurbæra, sjølv om vinteren er i anmarsj og dagane vert kortare.

– Å redusera det marine søppelet krev kontinuerleg innsats, og det går fint an å rydda utover vinteren også. Ein må berre kle seg godt og ha eit ekstra fokus på tryggleiken, seier Dale.

Han framhevar at det framleis er pengar att frå prosjektmidlane SIM fekk frå Miljødirektoratet tidlegare i haust. Potten må brukast opp i løpet av 2017, elles går pengane attende til direktoratet.

– Her er det altså mogleg for lag og organisasjonar å sikra seg litt økonomisk støtte før året er omme, samstundes som dei gjer ein innsats for lokalmiljøet og livet i sjøen og strandsona, reklamerer Dale.



Vil du rydda ei strand?

Ta kontakt med Øyvind Dale
oyvind.dale@sim.as
 Tlf: 53 45 78 50 / 479 02 345

Ny transportør, nye ordningar

Frå 9. april 2018 vert det innført nye ordningar i SIM- kommunane. Den nye avtalen inneber mellom anna at alle vil få henteordning av plastemballasje og

alle vil få henting av restavfallet annakvar veke. Det var selskapet NordRen AS som vann kontrakten i SIM- kommunane.

NordRen AS er eit veldrive selskap med eigarar som har lang erfaring frå renovasjonsbransjen.



«Du vil få tilsendt meir informasjon om den nye ordninga i februar. Då får du også ein ny tømme kalender, med oppdatert informasjon om nye ruter og ordningar. Den nye tømme kalenderen vert gjeldande frå 9. april 2018.»

Avfall til miljøsentralen?

Bruk blanke sekker

SIM har som mål at alt avfall som vert sendt til material- eller energigjenvinning skal vera så "reint" som mogeleg, utan innhald av farleg, elektrisk eller elektronisk avfall. For å greia dette, treng me di hjelp.

Den beste hjelpa du kan gi er å passa på at alt avfallet du kjem med til miljøsentralen er sortert og vert kasta i rett konteinar. Det er lurt å pakka avfallet slik at det er enkelt for våre kunderettleiarar å sjå kva du ønskjer å levera, slik at dei kan losa deg til rett konteinar. Me minner om at det

ikkje er lov å kasta ugjennomsiktige, ikkje-kontrollerte sekker med avfall i konteinarane. Du kan gjerne bruka slike ugjennomsiktige sekker til å frakta avfallet til miljøsentralen i, men då kan du måtta sortera avfallet etter ein kontroll av innhaldet.

Det beste rådet er derfor å sortera avfallet i gjennomsiktige sekker før du dreg heimanfrå – slik at det er kjapt for kunderettleiarane å sjekka innhaldet og lett for deg å hiva heile sekken rett i konteinar.



No får du vrakpant for båten din

For å motivera båteigarar til å levera inn gamle og utrangerte fritidsbåtar til godkjente avfallsmottak, har Miljødirektoratet sjøsett ei ny ordning som gir båteigarar ei direkte utbetaling på 1000 kroner for båtar opp til 15 meter (49,12 fot).

SIM er blant renovasjonsselskapa som er godkjente for mottak av kasserte båtar, og tek imot alle båtar opp til 15 meter gratis. Båtar opp til og med 15 fot kan leverast på alle dei sju miljøsentralane våre. Båtar i storleiken 16 til 49 fot kan leverast på omlasteanlegget på Heiane

på Stord etter avtale. For å få utbetalt vrakpanten må du søkja om tilskot frå Miljødirektoratet, og dokumentera at båten er levert til lovleg mottak. Søknadfristen er 1. desember det året han vert vraka.

Spørsmål om ordninga?

Sjekk ut <http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Avfall/Avfallstyper/Kasserte-fritidsbater/>

Du kan også kontakta SIM på 53 45 78 50 eller sim@sim.as.

Ole Johannes Støle vert ny SIM-sjef

– Eg ser veldig fram til å byrja, seier tysnesingen, som tek over jobben som dagleg leiar i SIM etter Terje Gilje ved årsskiftet.

– Jobben verkar kjempespennande, og eg har eit svært godt inntrykk av verksemda eg no skal leia. For meg framstår SIM som ei veldriven bedrift som utfører samfunnsoppdraget sitt på ein god måte, seier tysnesingen.

Byter bransje

Han kjem til SIM etter fem år som arbeidsleiar og dei siste sju åra som dagleg leiar i Tysnes Industri, ei Vekst-bedrift med fem fast tilsette som gjev varig tilrettelagt arbeid og arbeidsførebuande trening for til saman 17 personar. Verksemda produserer ei rekke ulike produkt for kundar i sunnhordlands- og bergensregionen,

og tilbyr eit mangfald av tenester som mellom anna vaskeri og transportoppdrag.

– Utover det samarbeidet som Tysnes Industri har med SIM i dag, er avfallsbransjen eit heilt nytt og spennande kapittel for meg. Eg opplever at eg går frå ein viktig og meningsfull bransje til ein annan, og nettopp her ligg mykje av motivasjonen min for å søkja leiarstillinga i SIM, fortel Støle.

– Skal vera nysgjerrige

Han ser fram til å vera med på å utvikla både SIM og avfallsbransjen vidare.

– Eg har all respekt for den jobben SIM allereie gjer, og i starten vil mykje av

tida mi gå med til å setja meg grundig inn i verksemda, lytta til dei tilsette, og byggja vidare på den gode kursen SIM allereie har staka ut. Etter det får me saman sjå på korleis me kan utvikla oss vidare. Utan å koma med noko «programerklæring» allereie no, har eg ein tanke om at SIM skal vera ein «frampå» og endringsvillig organisasjon. Me skal vera nysgjerrige på nye tankar og idear, og heile tida søka innovative måtar å jobba på for å gje sunnhordlendingane endå betre avfallstenester, seier den lærarutdanna trebarnsfaren og småbrukaren.

Bio er bio

Dei fleste SIM-kundane er flinke til å sortera. Til tider opplever me likevel store mengder plast og anna uønskt søppel i bioavfallet, noko som er med på å øydeleggja komposteringsprosessen og gir dårlegare kvalitet på den ferdige kompostjorda. Me ber deg difor vera gild å sjå til at det berre er bioavfall i biodunken. For å redusera problemet, er sjåførane våre faktisk pålagde å la

biodunkar med stor grad av feilsortering stå att utømde. Om du har blingsa og sjåføren vår oppdagar dette, vil han første gongen tømme dunken og gje deg «gult kort» – i form av ein gul lapp på dunken som varslar om feilsortering. Held du fram feilsorteringa, får du «raudt kort». Då heng sjåføren ein raud lapp på dunken, og køyrer vidare utan å ta med seg bioavfallet ditt.



– Har vore gjennom ei rivande utvikling

Etter 23 år i sjefsstolen i SIM, er Terje Gilje mest fornøgd med at kundane har slutta så godt opp om kjeldesorteringsordninga.

– Eg har vore med på ei rivande utvikling i måten me handsamar avfallet vårt. Då eg byrja i SIM vart så og seia alt avfall grove ned i deponiet i Svartasmåget. I dag er det berre eit par prosent som vert deponert, resten vert sortert og sendt til material- og energigjenvinning. Avfallet har på mange måtar gått frå å vera ei lokal utfordring til å bli ein global ressurs som i langt større grad vert utnytta, oppsummerer Terje Gilje, avtroppande dagleg leiar i SIM.

Betre omdøme

Omlegginga midt på nittitalet, der kundane gjekk frå å levera avfallet usortert i sekker til å byrja sortera det i tre ulike dunkar, er endringa Gilje ser som det største løftet i si tid i SIM.

– Det var ei kolossal endring, som kundane har følgt veldig lojalt opp med

gode rutinar i heimen. Og nettopp det at kundane våre har slutta så godt opp om ordninga, slik at me greier sortera avfallet så bra som me gjer i dag, er nok det eg er aller mest fornøgd med etter 23 år i selskapet. Eg er også fornøgd med at me har bidrege til å heva omdømet til avfallsbransjen. Me har gått frå vera ein skitten bransje til ein rein og ryddig industri med stor spennvidde i fagkretsane, meiner Gilje.

Han framhevar vidare oppgraderingane av miljøsentralane som eit anna stort og viktig løft for selskapet.

– Betre miljøsentralar har resultert i at dei vert betydeleg meir brukte, noko som gagnar gjenvinninga og miljøet, påpeikar SIM-sjefen.

– Klarer seg fint utan meg

Om si eiga rolle i utviklinga av selskapet, seier den smålatne 65-åringen at han «har prøvd å gjera det samfunnet har forventa av SIM på ein vitug måte – utan at det har kosta meir enn nødvendig.»

– No ønskjer eg etterfølgjaren min og alle dei andre tilsette lukke til med den vidare drifta av eit godt selskap. Dei vil klara seg veldig godt utan meg, humrar Gilje.

– Korleis blir det å verta pensjonist?

– Eg får ta ein dag om gongen. Med eit småbruk å skjøtta, mange barnebarn og kjekke hobbyar og interesser, vil eg nok ikkje kjeda meg.

Lærte om gjenvinning og miljø

Tipp topp, tommel opp, tykte Even Habbestad Ytrøy (t.v.) og Isak Sæverud Gåsland då dei og resten av fjerde trinn på Bømlo-skulane Svortland og Gilje vitja SIM 19. oktober.

SIM inviterer kvart år alle fjerdeklassane i Sunnhordland til å koma på besøk og omvising i Svartasmåget og på miljøsentralen på Heiane.

I 2016 og hittil i 2017 har me hatt heile 950 elevar på vitjing.

Formålet med skulebesøka er å læra elevane om gjenvinning, sortering, miljøansvar og miljømedvit, og samstundes gi dei eit innblikk i SIM si rolle i avfallshandteringa.



Framtidas gjenvinningsoperatør

I to og eit halvt år skal Amalie Haukås (18) læra seg alt om gjenvinningsfaget.

Etter to år med undervisning i teknisk og industriell produksjon på vidaregåande, byrja Amalie i år i lære hos SIM.

– Eg valde å bli lærling i gjenvinningsfaget først og fremst fordi eg ønskjer å jobba med kjekke og varierte arbeidsoppgåver, smiler Amalie.

Det er litt uti hennar femte veke i SIM, og sveibuen møter SIM-Nytt på Heiane miljøsentral.

– Det har vore fem spennande og trivelege veker. Hittil har eg jobba mest med kunderettleiing her på miljøsentralen, truckkøring, og eg har brukt tid på å setta meg inn i gjenvinningsfaget og miljøsentralen si rolle, fortel ho.

Det har vore mykje nytt å læra

– Eg ser mellom anna at folk er flinke til å sortera, så dei store overraskingane har

eg så langt ikkje funne i containerane. Største overraskinga har vel vore dei få enkeltkundane som har kjefta og klaga på prisen dei må betala, og som ikkje forstår at det ikkje er eg som utformar reglane eller prisane på miljøstasjonen. Men slike opptrinn tek eg med eit smil, og det skjer heldigvis ikkje så ofte.

Amalie skal vera lærling i to og eit halvt år før ho får tittelen gjenvinningsoperatør.

– I løpet av den tida skal eg prøva meg innan alle delar av krinsløpet i verksemda, frå å vera med bosbilane og henta inn hushaldsavfall til gjenvinning og aktiviteten i deponiet i Fitjar. Det vert mest praktisk arbeid, og ikkje så mykje teori. Det passar meg ypparleg, seier 18-åringen, som på fritida er med vener, spelar fotball og rir.

– Kva gjer du når du er ferdig med læretida då?

– Då håpar eg at eg får halda fram her i SIM, kjem det kontant frå Amalie.



Ny lærling i SIM: Amalie Haukås (18).



Merking av dunkar

Dersom du ynskjer å merke dunken din, slik at det er lettare for deg å kjenne han igjen, må du merke dunken med eit kjenneteikn som går an å fjerna.

Årsaka er at SIM brukar dunkar om igjen, dersom dei til dømes er henta inn for reparasjon eller ein kunde har bytt til ein større eller mindre dunk.

Dersom dunken eller loket då er merkt med maling eller anna materiale som ikkje kan fjernast, lyt han kastast. Det er sløsing med ressursar, og ein lite miljøvenleg praksis. Sjå bileta for dømer på god og dårleg merking:



FEIL



RETT



Jula er ei tid for kos og hyggje. Her får du nokre gode tips så du samstundes kan gå neste år i møte med litt betre miljøsamvit etter årets feiring.

Tenk nytt i julegåverusket

Kjøp noko dei rundt deg har bruk for, i staden for nok ein forbruks- eller pyntegjenstand. Tenk opplevingar og aktivitetar, til dømes kinobilletter, restaurantbesøk eller kanskje eit bidrag til kontingenten i idrettslaget eller skulekorpset? Kva med å gi av tida di, som barnevakt eller kanskje turfølgje? Tenkt på heimelaga gåver? Kva med eit fotoalbum med blinkskot frå turen de var på i sommar?

Innpakking av gåver

Tenk miljø og bruk minst mogleg gåvepapir. Vel òg gåvepapir som kan gjenvinnast. Du kan også tenkja alternativt: Nøytrale esker, papirposar, gråpapir, gamle blad og plakatar, gardiner og stoffrestar kan, med litt kreativ dekor, bli personlege og artige innpakningar.

Reisa heim til jul

Skal du reisa heim, eller kanskje til fjells i jula? Tenk miljøvenleg transport så langt som råd. Er bilen einaste fornuftige alternativ, still deg spørsmålet: Må alle køyra kvar sin doning?

«Så gjør vi så når vi vasker vårt gulv»

Vel svanemerke reingjeringsmidlar både til hus, klede og kanskje også bilen – om den skal vaskast til jul. Det er bra for miljø og innklima.

Levande lys

Styr unna palmeolje, soya og parafin. Svanemerke lys eit godt alternativ, sidan det vert stilt krav om at desse er laga med fornybare ressursar.

Bordpynt

Bruk miljøvenlege og svanemerke serviettar. Dekorér julebordet med naturlege materialar du finn i naturen, kongler, kvistar, mose og stein, i staden for å bruka plast eller anna ikkje-nedbrytbar bordpynt.

Julematen

Det er viktigare kva me et mellom nyttår og jul enn mellom jul og nyttår. Samstundes er det eit faktum at matsvinnet er mykje høgare i jula enn elles i året. Prøv å handla inn fornuftige mengder, og bruk gjerne restar til å skapa nye, herlege og spennande rettar gjennom jula.

Kjeldesorter, også i høgtida

Ikkje minst gjeld dette på julaftan. Førøbu eigne dunkar for restavfall, plastemballasje og papir/papp før de går i gang med å opna julegåvene. Ikkje berre er det bra for miljøet, det gir også langt betre plass i stova og i bosdunkane. Hugs at julegåvepapir og pakkeband skal kastast i restavfallet, og at du kan putta plastemballasjen i blanke SIM-sekkar og levera han gratis på miljøsentralane våre.

SENDAR:

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmåget
N-5419 Fitjar

OFFENTLEG INFORMASJON

Treng du konteinar?

Hos oss betaler du same pris, uansett kor i Sunnhordland du bur.

Skal du renovera eit hus eller ta den verkeleg store ryddesjauen i heim og hage, kan det fort resultera i mange tilhengarlass som skal køyrast til miljøsentralen. Då er det mykje lettare å leiga ein 10 kubikkmeters konteinar hos SIM.

Prisen er 4500 kroner for fire dagar. Denne kostnaden inkluderer då utkøyring og innhenting av konteinaren, samt levering av avfallet. Prisen er den same i alle SIM-kommunane.



Me stiller berre to vilkår for å leiga konteinar hos oss:

1. At det er veg som kan nyttast av stor lastebil heilt fram til der konteinaren skal plasserast.
2. At du betalar renovasjonsgebyr i ein av sunnhordlandskommunane.

Bestillingsskjema finn du på www.sim.as. Du kan også tinga konteinar ved å ringa sentralbordet vårt på **53 45 78 50**.

Hjelp sjåførane fram

Ein kald vinter med snø og glatte vegar kan vera utfordrande for mang ein trafikant. Bوسبيلسجاførane til SIM er ikkje noko unntak. Vanskelege vinterforhold kan gjera det ekstra krevjande å halda ruta og få tømt dunken din til rett tid.

For å sikra ei smidig avfallsinnhenting også når kong Vinter er på besøk, kan du gje sjåførane ei hjelpande hand. Det gjer du

ved å måka ubruytte vegar og snuplassar, og å strø glatte parti.

Dette er noko renovasjonsforskriftene faktisk pålegg eigarar og bruksrettsinnehavarar av private vegar å gjera. Men det beste er kanskje å sjå på ein slik innsats som hjelp til sjølvhjelp?

OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 12.00-18.00

Tysdag og torsdag kl. 07.00-15.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 10.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 10.00-14.00

FITJAR, SVARTASMÅGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 13.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars.:

Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag, onsdag og torsdag kl. 10.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 07.00-15.00

Laurdag kl. 10.00-14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Tysdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

Fått deg SIM-appen?

Lastar du ned SIM-appen, får du påminningar om å setja ut rett dunk til rett tid.



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmåget, N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as

SIM